

Grunnervervar – Stavanger, Haugesund og Bergen

Kan du tenkje deg å arbeide med grunnerverv og er jordskifte kandidat, jurist eller har annan relevant bakgrunn, då har vi stilling til deg.

I Statens vegvesen Region vest ved Egedomsseksjonen har vi ledige stillingar som grunnervervar med kontorstad i Stavanger, Haugesund og Bergen.

Egedomsseksjonen har ansvar for grunnerverv, landmåling og forvaltning av eksisterande veggrunn. Seksjonen har om lag 60 medarbeidarar og har kontorstad i Haugesund, Stavanger, Bergen og Leikanger. Om lag 30 medarbeidarar har grunnerverv som hovudoppgåve.

Arbeidsoppgåver:

Den som vert tilsett vil få utfordrande, varierende og sjølvstendige arbeidsoppgåver innan grunnerverv. Som grunnervervar vil du delta i prosjektgrupper for nye vegprosjekt og bidra i heile prosessen frå start av planarbeidet til veganlegget er ferdig bygd.

Våre prosjekter varierer frå store veganlegg til gang- og sykkelveg, trafikksikringstiltak og større og mindre drifts- og vedlikehaldsprosjekt. I tida framover vil aktiviteten med nye utbyggingsprosjekt auka vesentleg i vår region og som følgje av det ønskjer vi å styrke bemanninga ved seksjonen.

Kvalifikasjonskrav:

Det blir kravd at du har mastergrad frå universitet/høgskule innan fagområda planfag, egedomsfag og juridiske fag.

Dersom du har teke heile eller delar av utdanninga di i utlandet, ber vi om ei autorisert oversetjing av dine papir og ei godkjenning frå NOKUT (www.nokut.no).

For søkjarar som har lang og relevant erfaring innan dei aktuelle fagområda, og som har gode personlege føresetnader for stillinga, kan kravet til utdanning fråvikast.

Det er ønskjeleg med erfaring innan fagområdet, men vi vil også oppmoda nyutdanna til å søkje.

Søkjaren må ha førarkort for personbil.

Seksjonen har mykje kontakt med eksterne aktørar, og vi legg vekt på gode samarbeidsevner, sjølvstendig og systematisk arbeidsform og god skriftleg og munnleg kommunikasjonsevne.

Vi ønskjer at du er initiativrik, engasjert og resultatorientert og vil bidra til eit godt arbeidsmiljø.

Stort engasjement, mykje ansvar og fagleg utvikling

Som tilsett i Statens vegvesen blir du ein del av eit engasjert og tungt fagmiljø som tenkjer nytt, deler kunnskap og jobbar tett saman. Du påverkar samfunnsutviklinga, og du får bidra til framtidretta løysingar på fagfeltet ditt. Vi gir deg viktige oppgåver med mykje ansvar, og vi treng medarbeidarar som ønskjer å utvikle seg i takt med nye utfordringar.

Medarbeidarane våre fortel om spennande arbeidskvardagar med god balanse mellom arbeid og fritid.

Vi tilbyr òg desse goda:

- introduksjonsprogram og fadderordning
- fleksitid og gode ordningar for avspasering
- pensjonsordning og høve til å få lån i Statens pensjonskasse
- etatsskular og høve til fagleg påfyll

Lønna blir avtalt nærare i samsvar med lønnspolitikken vår.

Statens vegvesen skal vere prega av mangfald, og dei tilsette hos oss skal spegle befolkninga. Vi legg vekt på å leggje arbeidsforholda til rette dersom du har behov for det.

Vi gjer merksam på at søkjarlista kan verte offentleggjord, sjølv om du har bedt om unntak frå denne. Du vil i så fall verte varsla.

Søk på stillinga via www.vegvesen.no/jobb

Ta kontakt med seksjonsleiar om du har spørsmål:

Leif Lauvås, tlf. 51 91 14 70 / 416 01 287 – Stavanger og Haugesund

Øyvind Pedersen, tlf. 55 51 61 34 / 97 09 34 50 - Bergen